

Søknad om oskespreiing - frå pårørande

Gjeld oske etter (namn):
Fødselsnummer (11 siffer):
Dødsdato:
Krematorium kor oska skal utleverast:

Ansvarleg for gravferda (namn):
Fødselsnummer (11 siffer):
Telefonnummer:
Adresse:

Ønska stad for oskespreiinga (detaljert skildring med kommune, lokalt stadnamn og helst merka på kart som blir lagt ved søknaden):

Oskespreiing må ha vore avlidne sitt ønskje: <i>Dersom det ligg føre skriftleg stadfesting frå avlidne med ønskje om spreiiing av oske, blir denne lagt ved. Om slik stadfesting ikkje ligg føre, må det godtgjerast at oskespreiing var avlidne sin vilje på annan måte; til dømes ved at fleire pårørande stadfestar dette i feltet nedanfor. Om dette ikkje let seg gjere, ber vi om ei forklaring i fritekstfeltet for korleis avlidne sitt ønskje har kome til uttrykk. Dersom det gjeld oske etter barn, må søknaden sendast inn av barnet sine næraste pårørande.</i>			
Underteikna stadfestar at det var avlidne sitt uttrykte ønskje ovanfor meg at oska skulle spreiaast for vinden etter hans/hennar død:			
Namn:		Namn:	
Adresse:		Adresse:	
Fødselsnummer:		Fødselsnummer:	
Stad:	Dato:	Stad:	Dato:
Underskrift:		Underskrift:	
Eventuell forklaring på korleis avlidne sitt ønskje har kome til uttrykk			

Oskespreiing

Det følger av gravferdslova § 20 andre ledd at Fylkesmannen (no Statsforvaltaren), etter søknad frå person som har fylt 15 år, kan «gi tillatelse til at den som skal sørge for vedkommendes gravferd sprer asken for vinden. Tillatelse kan også gis etter vedkommendes død når det godtgjøres at vedkommende ønsket askespredning. Slik tillatelse kan også gis for aske etter barn når nærmeste etterlatte ønsker det.»

Ved oskespreiing, er det ikkje høve til å få sett opp gravminne eller namn på minnesmerke på gravplass. Den som sørger for gravferda er heller ikkje rettsleg forplikta til å gjennomføre oskespreiinga eller søke om oskespreiing etter ønskje frå den avlidne, dersom det er i strid med personen sitt ønskje eller overtyding.

Oska kan ikkje delast, slik at noko blir spreidd for vinden og noko sett ned på gravplass. Det er heller ikkje mogleg å dele oska for å spreie den på ulike stader.

I førearbeida til gravferdslova er det lagt til grunn at Statsforvaltaren skal forsikre seg om at oskespreiinga vil skje i sømelege formar og på ein eigna stad. For å kunne gje løyve til oskespreiing må Statsforvaltaren derfor gjere ei konkret vurdering av om den ønska staden er eigna for oskespreiing. Det er søkjar som må foreslå stad.

Oskespreiing i sjø/vatn

Det er ikkje lenger eit krav om at oskespreiinga skal skje «utaskjærs». Det kan også gjevast løyve til oskespreiing i fjordar. Departementet har likevel lagt til grunn at det ikkje bør gjevast løyve til oskespreiing dersom det er mykje fritidstrafikk i området, eller det er strender eller mykje busetnad i området. Det kan også gjevast løyve til oskespreiing i elvar, vassdrag og andre ferskvatn. Då vil det vere eit vilkår at området har tilstrekkeleg aude karakter.

Departementet har i rundskrivet lagt til grunn at senking av urner av lettoppløyselig materiale i sjø, er likestilt med oskespreiing.

Oskespreiing på land

Ved oskespreiing over land, har departementet uttalt at det er området sin karakter som bør vere avgjerande for om løyve til oskespreiing kan gjevast. Departementet har framheva at det berre bør gjevast løyve til spreieing i område utan busetnad og der området har eit aude preg. Oska kan spreieast i aude skogsområde, men det bør ikkje gjevast løyve til spreieing i populære utfartsområde.

Framgangsmåten

Søknad om løyve til oskespreiing skal sendast til Statsforvaltaren i det fylket du ønskjer at oska skal spreieast i. I søknaden må du opplyse om kvar du ønskjer at spreieinga skal skje, med ein nærare skildring av staden og helst merka på eit kart som blir lagt ved søknaden.

Etterlatne, eller den som skal sørge for gravferda, kan søke om å få spreie oska etter avlidne. Då må det godtgjerast at den avlidne ønskte oskespreiinga. Det må derfor leggest ved ei underteikna erklæring frå minst to personar som stadfestar at oskespreiinga var avlidne sitt ønskje. Dersom dette ikkje let seg gjere, treng vi ei grunngeving for dette, saman med ei forklaring på kven avlidne har ytra ønskje sitt til og korleis dette vart gjort.

Dersom det blir søkt om spreieing av oske etter barn, må søknaden kome frå barnet sine næraste etterlatne.

For ordens skuld gjer vi merksam på at den som har fylt 18 år, kan fastsette kven som skal ha rett til å sørge for gravferda ved ei skriftleg erklæring. Erklæringa skal vere underskriven og datert, jf. gravferdslova § 9. Eit eventuelt løyve til oskespreiing bør gjerast kjent for dei pårørande/ansvarleg for gravferda. Løyvet må gjerne oppbevarast som eit testamente.